



Årsmelding Lærdal Golfklubb 2025

Ein sesong utan bane, mykje spel på Simulator Årdal
Fleire lokale medlemmer

1. Årsmøtet og Styret sin aktivitet

Årsmøtet 2025 var halde som Årsmøte på nett (Teamsmøte) tirsdag 18. februar.

Styret 2025

Petter Lossius, Leiar

Nikolai Sommer Os, Nestleiar (fra 2026 regelendring – Nestleiar blir Styremedlem)

Gerd Skalle, Styremedlem

Mats Karlsson, Styremedlem

Per Åke Evjestad, Styremedlem

Øystein Østergren, Styremedlem Vara

Oddrun Hiller, Styremedlem Vara

2. Komitear, Utval, Nemnder

Handicapkomite

Handicap revisjon for 2025 vart gjort automatisk av NGF ved årsskiftet.

Dei som har HCP som gjeld i turnering får melding (minst fire registrerte rundar 2025).

Handicap-komit  er

Ole Kristian  ren (leiar),

Petter Lossius.

Kurs, Vegen Til Golf, Politi-attest

Ole Kristian  ren (leiar, Trenar 1)

J rn Eldegard (Trenar 1)

Nikolai Sommar Os (Trenar 1)

Per  ke Evjestad (ansvarleg politi-attest)

Representant for Klubben til Golfting og anna – Styret gitt fullmakt (\$16. punkt 14c)

Klubben var ikkje representert på Golftinget 2025.

"Øyvind Krag Ingul (60) gjenvalgt som President.

Ingul har ledet NGF de siste to årene. Han er daglig leder i kommunikasjonsbyrået Pitch Studio i Trondheim, og har bred erfaring fra Golf-Norge, både som sertifisert dommer, lagleder for ungdoms-OL, tidligere styreleder Byneset Golfklubb.."

Kontrollutval/Revisorar (§14b)

Odd Inge Mo

Ståle Øvstetun

Valnemnd (§16 punkt 14)

Ole Morten Hestetun (leiar)

Ingebrigt W. Gjerde

Frode Myklebust

Johann H. Traustason (varamedlem)

3. Klubben Formelt og Administrering

Baneklubb

Hemsedal Golfklubb var Baneklubb i 2025 og vil halde fram som Baneklubb 2026, takk til Styreleiar Odd Holde og takk til driftsselskapet Skåret.

GolfBox Medlemsarkiv og Kontingent Fakturering NorKred (Ole Kristian Øren)

Ole Kristian har tok ansvar for GolfBox medlemsarkiv med inn- og utmeldingar og alle førespurnader og i 2025, godt jobba.

- Medlemsarkiv vert oppdatert løypande
- Kontingent vert fakturert gjennom NorKred og det har vært ei betring i kontingent-inngang med NorKred

Tilsette og Løn - Ingen tilsette.

Ingen godtgjering, løns- eller gasje-utbetalningar i 2025.

Finansielt, Rekneskap og Revisjon (Mats Karlsson)

Mats har ansvar rekneskap, faktura-betaling, sporing saker relatert til utlegg.

- Rekneskapen er ført av Økonomiservice as (Ein del av Økoråd [^] Vekstra gruppen) ved Vigdis Helene Mo, vigdis.helene.mo@okoraad.no.
- Vi har dobbeltgodkjenning ved betaling i Sogn Sparebank (Mats, Petter, Vigdis).
- Petter tar korrespondanse og rapportering til NGF og NIF Sogn & Fjordane, samt Brønnøysund.
- Revisjon: Fylgjer NIF sine reglar for lag med omsetnad under 5 millionar kroner.
- Revisorar 2025 (Kontrollutval): Odd Inge Mo og Ståle Øvstetun

Lærdal Golfbane AS

AS'et vart oppretta omkring bane-initiativet, kr 30,000 i aksje-kapital.

- Petter er Lærdal Golfklubb sin representant i Lærdal Golfbane AS (fungerer som "generalforsamling", ordnar formalia like som for klubb, samt rekneskap.
- Harald Husabø og BDO har sponsa rekneskapen hvert år, kjempe hjelpsamt.
- Klubben lånte omlag 700,000 til AS sine utgifter, der er alt tapt, og de 30,000 i aksje-kapital.
- Plan er å avslutte AS'et med rekneskap 2025.

Andre Formelle Aktivitetar

Dette er administrasjon og drift

Kontakt med Norges Golfforbund ved Pål Melbye for å sikre at klubben kan halde fram som klubb med egne inntekter fra medlemmene. Dette skjer år for år. Samtidig kontakt med Odd Holde, styreleiar Hemsedal Golfklubb om å halde fram som Baneklubb for oss.

Ordne årlege tilskot, spesielt MVA refusjon.

Diverse formalia i Altinn som Samordna Registermelding til Brønnøysundregistra.

Formalia mot bank, Egenerklæringer, Kundeerklæringer.

Syte for naudsynte dokument mellom klubb og Lærdal Golfbane AS. Stor takk her til Harald Husabø og BDO for støtte og hjelp med AS-rekneskapen, skattemeldinger med meire.

Syte for drift ballmaskin på Årdal Drivingrange (EDB kortlesar fast månadleg avgift).

Andre UFormelle Aktivitetar

Dette var mest arbeid for nye bana, organisert av Per Åke

Kontakt med Lærdal Kommune, spesielt ordførar Audun Mo

Kontakt med NGF, Norges Golf forbund

Kontakt med Sogn Avis

Arrangert synfaringar

Lobbyverksemd

Spesielt gledeleg innvilga søknad Ljøsne LivOgLyst - tiltak

Syte for midlar til Årdal Drivingrange (midlar = kjøpe rangeballar . .).

4. Aktivitet Innad og Utad

Facebook (Ole Kristian, Jørn)

Lukka gruppe for Lærdal Golfklubb. - ANBEFALAST - med ei lukka gruppe blir du ikkje blanda bort i anna Facebook aktivitet.

<https://www.facebook.com/groups/310852029011712/>

Hendingar for klubbturneringar og undergrupper for golfturar og anna. Bruk denne så mykje som mogleg.

Det er og ei **Ope side** – <https://www.facebook.com/laerdalgolfklubb>

Heimesida LeGk.no (SysOp Georg Næumann)

Georg, firma Netopp Næumann, er SysOp sidan 2012 og driv heimesida og overvakar mot uønskt aktivitet.

Web-host er Servetheworld.

Frå 2017 WordPress løysing. Brukarar er Georg, Petter, Per Åke.

Servetheworld og legk.no vart porta til ny server i 2021 – klubben sin epost post@legk.no vart dessverre mottakar av mykje spam og fleire phishing forsøk og i 2025.

Brukarane er blitt van med dette.

Kurs, Trening, Aktivitet

Trenar 1

- Jørn Eldegard,
- Ole Kristian Øren,
- Nikolai Sommar Os

Vegen til Golf (Jørn, Ole Kristian)

Har gjennomført vegen til golf kurs

Fortsett interesse

Rekrutteringsinitiativet Juniorgruppa (Per Åke)

Jobbar med nytt aktivitet-anlegg på Ljøsne i Ljøsne LivogLyst prosjektet, vert støtta av golfklubben.

Jentegolfen (Gerd)

Ansvarleg er Gerd Skalle.

Seniorgolfen Herrar

Ansvarleg Per Arve Paulsen - spel andre banar 2025 var mest på Hemsedal Golfklubb som ga golf-pensjonistar god avtale (kr. 200/runde).

Senior-Gruppa Rekordar, Hemsedal Gk

Ni hol ut, Scramble, 2-manns lag – 34 slag (2. juli 2021, Mats, Petter)

Ni hol inn, Scramble, 2-manns lag – 37 slag (9. juli 2022, Ivar Otto, Per Arve)

Driving Range Årdal har eige kapittel i Årsmeldinga, sjå under

Simugolf - Trackman i Årdal har eige kapittel i Årsmeldinga, sjå under

5. Viktige Papir, Forsikring og Bank

Brønnøysund Registrene, Organisasjonsnr

Einingsregisteret – Data om Styret 2025 er oppdatert og godkjent – det vert kravd for å søke MVA-kompensasjon kvart år, ordna samstundes.

Organisasjonsnr 983 897 126 - dette er og brukt til Grasrotandel.

Undereinheit Org.nr. 919 274 824 – er til MVA.

Forsikring (Petter, Mats)

Ny leverandør frå 2018 Gjensidige – Avtale gjev betre sikring ansvar spelar, ansvar Styre, underslag og meir. Skreddersydd pakke som heter Gjensidige Næringslivsforsikring - Pris etter rabattar ca. kr. 8000

Personal - med antallsoppgave - Alle ansatte

- Lovbestemt yrkesskade og yrkessykdom

Dugnad, Organisasjoner, Korps/klubb - Medlemmer

- Ulykke invaliditet, ulykke død

Ansvarsforsikring, Rettshjelpsforsikring, Styre- og ledelsesansvar, Kriminalitet

Bank – Sogn Sparebank – Klubb-bank

Brukskonto

KONTO m KID for innbetaling medlemskontingent

Eigen konto for Årdalrange

Konto for ubrukte midlar er høg-rente konto

Bank – Sparebanken Sogn og Fjordane er AS-bank og klubben har og konto der

Ikkje noko aktivitet, omlag kr 5,000

Dokument Lagring og Outlook

Klubb-dokument er dels på heimesida i WordPress Media-arkiv.

Dels lagra i Skyen på Outlook (Petter sin Outlook, Klubb- og AS-Styret har lese og skrivetilgang).

Grasrotandel

Stor takk til dei som gjev Lærdal Golfklubb sin Grasrotandel støtte, kr 32,000 i 2025.

Idrettsregistreringa, MVA-kompensasjon

God løysing ved NIF og NGF - innberetning beløp til MVA kompensasjon er samordna og skjer i april. **Refusjon omlag kr. 20,000 i 2025.**

Kulturmidlar (frist er 15. april, sjekkast start mars)

Ikkje søkt eller motteke 2025

Vipps (Ole Kristian, Petter, Øystein, Mats)

Klubben sitt Vipps-nummer er 116086.

Noko inntekt frå startkontingent turneringar 2025 (KM og Simulator)

Noko inntekt frå sal golfballar, hanskar

ProShop? Ja, finst framleis

Klubben har **Logoballar** for sal, pr dusin Callaway Supersoft kr. 450,-. Callaway Chrome Soft kr. 600,-.

Petter har nokre bag'ar og køllesett lagra, til utlåns eller sal (rimeleg).

Pokalsamling - Klubben har ei samling små-pokalar frå Premietoppen.no til premiar.

Mykje spikes og peg'ar.

6. Årdalrangen - (sjå Utlarangen på Facebook)

August 2025 tok klubben initiativ til betring plukk-og-klipp med nokre grasklipp-dugnader samt oppsetting ei dugnadsgruppe. Desse vart med på det, med denne organiseringa.

Uke .	Start Dato .	Plukk-og-Klipp'arar .
34	18.aug	Petter, Trond Eirik
35	25.aug	Jan, Terje
36	1.sept	Per Johnny, Jørn
37	8.sept	Petter, Trond Eirik
38	15.sept	Jan, Terje
39	22.sept	Per Johnny, Jørn

To'er teama avtaler seg imellom om kven som klipper når – ei plukk-og-klipp/veke.

Spesiell takk til Terje som ordna John Deere maskina, og ga opplæring til dei som trengte det.

Framover, 2026

God haust-dugnad ga omlag 2000 ballar i ballmaskina, og haust 2025 vart det bestilt rangeballar som vert levert slutt mars 2026. Med omlag 1000 baler på anna lager startar 2026 sesongen med omlag 5000 rangeballar.

Det var og noko planlegging som starta, som er Saker i sakslista. Styret kartla desse ønska

- Forlenging range
- Rydd og stell omkring utslag, tak på utslag
- Pitch'n Putt mikro-bane på range

Årdalrange mottok kr. 90,000 i gave fra Sogn Sparebank i 2023

Det er omlag 20,000 igjen av desse midlane som vert disponert av rangen.

Noko uheldig planlegging og høg kost på opparbeiding green (som ikkje vart ferdigstilt) tok dei øvrige kr 70,000. Vert ei vurdering av det moglege i høve rydd og stell utslag.

Maskinpark

- 1 stk John Deere klippar – operativ
- 1 stk STIGA kantklippar – operativ
- 2 stk Ball-oppsamlar – ein er operativ på Årdalrange, ein er i lager i Lærdal
- 2 stk Ball-maskin, ein elektronisk for kort, operativ, og ein for mynt, ikkje operativ

Rangeballar

Må ha jamlege dugnader for ballplukk og framover.

Klubben oppfordrar medlemmar som sitter på mye lakeballar å donere ballar til rangen ved å dra opp og slå billene ut på range.

7. Spel og Turneringar

GolfBox (World Handicap System)

WHS HCP system første år var i 2020, ymse meiningar, dei fleste meir nøgd med WHS.

Samarbeid med andre klubbar

Avtale med Hemsedal Golfklubb - vår Baneklubb

Voss Golfklubb – 15 %

Sunnfjord Golfklubb

Hallingdal Golfklubb (Granheim)

Snakk med Ole Kristian Øren om Valdres Golfklubb

Klubbmeisterskap 2025 – Hemsedal Golfklubb søndag 17. august

22 spelarar stilte i tre klassar.

Klubbmeister 2025 overall vart Ole Kristian Øren etter omspel hol 1 mot Eivind M. Øren. Begge hadde 81 slag. Tredje var Joakim Skogvang, 86 slag.

Klasse Herrar hadde ni spelarar.

Klasse Herrar Senior, sju spelarar, Per Åke Evjestad, 87 slag føre Tore Gjerdalen, 88 slag.

Klasse Herrar Senior65+, seks spelarar, vinnar Mats Karlsson 96 slag føre Are Indelid.

Premiar er Lærdal Golfklubb logoballar, Callaway Supersoft eller Callaway Chrome Soft.

8. Simugolf - Trackman i Årdal, Vinterserien og Støtte til Simugolf

Simugolf vert drifta av Ståle Øvstetun og Odd Børge Nundal. Det er eit effektivt opplegg med tinging rundar på alba.com og med Vipps betalingsteneste.

Vinterserien

Ansvarleg fra klubben er Petter Lossius.

Klubben syter for årleg arrangement (12 turneringar over omlag 24 veker) og sponsar premiar kvar runde og samanlagt (1-2-3.plass, Nærast flagget og Longest drive.

Premiering er 3-ball pakker med logoballar, omlag seks pakkar kvar runde og nokre 12-ball pakkar til Vinterserie premiar. Omlag 20 pakker ballar a kr 500, samla omlag kr 10,000.

Logoballar til Vinterserien og KM vert kjøpt inn årleg fra Ørn Golf.

Netto Score fra beste åtte rundar som teljande resultat. I 2024-2025 var det 22 startande, vinner var Eivind M. Øren. Sjå meir resultat på legk.no.

Anna Sponsing

Støtte til nye tryggings-gardiner høsten 2025 kr 5,000.

Golfsimulator Sogndal

Open for spel sidan desember 2025 (kontakt Mats Karlsson for meir informasjon)

Golfsimulator Vesterland (vinterstengd)

Opna tidleg 2020, Arne Glenn Flåten, sjå Vesterland Feriepark på vesterland.no – stengt vinter 23/24 og 24/25, ikkje kjent med status no.

9. Medlemsarbeid

Marknadsføring

Klubben har ikkje marknadsført fjernmedlemskap på nokre år.

Vegen Til Golf

Fleire nye medlemmar via omtale og via Vegen til golf kurs.

10. Økonomi

Me visar til Sak 5, Rekneskap, i Sakslista og Revisorane sin rapport.

11. Sponsorar – ingen aktive Sponsorar

Lærdal 10. februar 2026

Styret Lærdal Golfklubb

Petter, Nikolai, Gerd, Mats, Per Åke, Øystein og Oddrun